

Gutta på tur

Bremnes



2001 - 2021

Å gå tur får føtene til å røra seg, blodet rører seg, tankane rører seg – og rørsle er liv!

Skriftstyre: Dagfinn Hellen, Johannes M. Sortland, Einar Kippersund
Foto: Einar Kippersund
Ein del av botntekstane er henta frå avisa Dag og Tid.

Bakgrunn

”Å gå tur er menneskets beste medisin”, sa Hippokrates, som levde 400 år før vår tidsrekning, og blir rekna som ein av dei viktigaste personane i medisinen si historie. Hadde han levd i dag ville han truleg ha vore i lag med oss i Gutta på tur.


Gutta på tur Bremnes blei oppretta 10.10.2001 med *føremål å koma saman til turar, sosialt samvær og mosjon ein fast vekedag.*

Som det går fram av vedtektene våre er det ikkje berre turgåing og mosjon, men også det sosiale som står i høgsetet. Kameratskapen, praten, smilet og den gode replikken er det som meir enn noko anna bind oss saman. Det er høgt under taket (berre himmelen er over oss) i Gutta på tur. Ingen spør etter religion, politisk ståstad eller status. Her er me alle berre pensjonistar og kameratar med omsut for kvarandre.

Dei første ti åra er grundig behandla i eit jubileumshefte som blei laga i samband med 10-årsjubilèet i 2011. Dette skriftet handlar difor stort sett om dei ti siste åra. For samanhengen si skuld er det likevel teke med nokre tilbakeblikk på dei første åra.

Jubileumshefte 2001 - 2011 kan du finna her:

<https://turgutane.org/Jubileumshefte.pdf>



Det er svært avgrensa kor mykje biletstoff det er plass til i eit jubileumsskrift som dette. Opp gjennom åra er det blitt teke fleire tusen bilete i ymse samanhengar. Heile biletmaterialet vårt ligg tilgjengeleg på heimesidene våre, og du finn dei om du følgjer denne lenka: <https://turgutane.org/bilete/>

Medlemsutvikling

Det heile byrja smått og pent med fire medlemmer, men alt året etter var medlemstalet oppe i 16, og ved 10-årsjubileet var talet auka til 35. Det var lenge ein del som meinte me måtte avgrensa medlemstalet for å gjera deltakinga meir forplikande – og for å ta vare på kameratskapen og det gode miljøet. Men me må innsjå at me blir eldre - og at dugnadsarbeidet fell tyngre for kvart år - så me trong fleire og yngre folk. Me har difor opna for at alle som fyller krava i vedtektene kan bli medlem.

I jubileumsåret er me no 65 medlemmer.

På steingrunn:

Det er hardt å legga seg flat på ståande fot.

- 1 -



Ein gong turgut – alltid turgut, seier me gjerne. Og det ser ut for at det er noko i dette, for svært få har meldt seg ut når dei først er komne med i laget. Nokre har likevel måtta gje seg av helsemessige årsaker. Det har vore viktig for oss å ta vare på kvarandre og inkludera alle – uansett religiøs tru, polisk ståstad eller anna. Her er me alle like verdfulle! Me vel å tru at dette er noko av årsaka til at medlemmene blir verande.

I jubilumsåret har me desse medlemmene:

Arne Gunnar Alvsvåg, Bernt Alvsvåg, Kåre Blåsternes, Arne Borgen, Lars Gunnar Brekke, Hans Trygve Ermland, Lars Johan Fylkesnes, Per Ole Fylkesnes, John Gardner, Jørgin Gunnarson, Håkon Gåsland, Hans T. Habbestad, Kjell Normann Habbestad, Magne Hallaråker, Robert Halleraker, Per Halvorsen, Dagfinn Hellen, Jostein Hollund, Olav Hollund, Per Huusegaard, Gunro Hystad, Per Innvær, Kåre Egil Karlsen, Einar Kippersund, Bjarne Kristiansen, Bjørn Lavik, Einar Kåre Meling, Geir Olav Meling, Kåre Meling, Kåre Andreas Meling, Lars Mæland, Torleiv Mæland, Jon Inge Nesse, Nils Bernhard Nesse, Finn Nordtun, Harald T. Nordun, Ole Mikal Nordtun, Trygve Olsen, Bjørn Rolfsnes, Harald B. Røksund, Arne Marvin Røksund, Helge Røyksund, Ingolf Sele, Sigurd Emil Sele, Harry Selsvold, Harald Sortland, Johannes Martin Sortland, Lars B. Sortland, Jan André Stangervåg, Bjarne Stavland, Per P. Stavland, Karsten Størksen, Jan Arvid Sønstabø, Martin Magne Sørenes, Birger Torkelsen, Johan Peder Torkelsen, Torleif Torkelsen, Åsmund Våmartveit, Jan Westermoen, Leif Jan Waage, Hermann Økland, Håkon Økland, Lars Dagfinn Økland, Leif S. Økland, Karl Ådnanes.

På steingrunn:

Kosthaldsråd bør du ta med ei klype salt.

Dei som har gått bort

Me er alle godt vaksne gutar og det er naturleg at ein del fell frå etter kvart. Det er alltid trist når nokon døyr og me kjenner saknet etter kvar turkamerat som har gått bort.

Desse turkameratane er døde:

Ola L. Stavland, Ingmar Stølen, Knut Sortland, Sigmund Sortland, Ragnvald Innvær, Kåre Idar Høgberg, Tolleiv Hidle, Bjørn Sigurd Moss, Arne Stokke, Harald Økland, Henrik Hallaråker, Lars Staupe, Lars Ermland og Kåre Henry Gåsland. Dei er alle sakna i flokken.

*God natt – god søvn me ynskjer deg,
du gode vandringsven.
Me sluttar turen og skiljest – kva meir
om aldri me møtest igjen?
Du viste oss vel noko lite av det
som har brunne hos deg og som no har brent ned.
Men det vennskap som var vil me alltid ha med.
God natt – god søvn til deg.*



Gutta på tur

Torsdag er fast turdag. Då møtest me på parkeringsplassen ved sentralidrettsanlegget, fordeler oss i bilane, dreg til den oppsette plassen og går tur i ”snø og is, regn og vind, sol og varme”. Turane går etter eit fastlagt turprogram – og stort sett følgjer me programmet. Det er klart at enkelte løyper er



våtare og vanskelegare enn andre, så det hender det kan vera uforsvarleg å gå den planlagde turen. Då går me ein alternativ tur som ikkje er så vèravhengig. Helse skrantar litt hos enkelte, men dei møter likevel opp til fastsett tid og går ein litt lettare tur.

Dei fleste turane går i eigen kommune, så me er etter kvart godt kjende på Bømlo. Ofte har nokre av gutane historier å fortelja om fortida til plassane me vitjar, og dette gjev gjerne turen ein ekstra dimensjon.

Det hender òg at me tek spranget ut av heimekommunen og går tur i ein av grannekommunane. Ja, ved nokre høve har me til og med kryssa landegrensar!

På steingrunn:

Sikre prognosar er statistisk sett usannsynlege.

Heilt frå starten har det vore samarbeid og kameratskap med Gutta på tur på Stord. Fire gonger i året møttest me og går tur i lag. To gonger på Stord og to gonger på Bømlo. Både me og stordgutane set pris på desse samkomene.



Me har også vitja fleire av bedriftene i kommunen og fått orientering og omvisning. Dette har vore svært interessant og lærerikt. Og av og til også svært velsmakande!



På steingrunn:

Ja, eg bryr meg ikkje, men ho mor bad meg spørja, sa guten, han fridde og fekk nei.

Minst ein gong i året har me damene med oss på ein litt lengre tur. Me har farta rundt og fått med oss fine opplevingar på Arqebusmuseet i Førde, Borgøy rundt, rundtur på Austevoll, Matre og Blåfalli, Utsira, Telavåg, Kårstø, Huglo, Utstein kloster, fiskerimuseet på Karmøy, Mølstrevåg – Ryvarden, Sunndal/Bondhusbreen, Rex Garden i Førde, Tittelsnes festning, Stuhaug gardsmuseum på Sandeid, Vindmølleparken på Midtfjellet, Fedje, Fjell festning og Glesvær, Skudenes og Vikingsenteret på Avaldsnes.



På steingrunn:

Skal du løfta deg etter håret, bør du ikkje ta det i rykk og napp.

Lengre turar

Nokre lengre turar med overnatting er det også blitt. Busstur til Sarpsborg/Fredrikstad/Halden og Strömstad, Durham i England, Donegal i Irland, Litauen og Færøyane. Turane til Durham, Donegal og Fredrikstad er godt dokumenterte i Jubileumsheftet frå 2011 og difor ikkje tekne med her.

Turen til Litauen



Tolleiv Hidle og kona Lina var reiseleiarar og viste oss Litauen frå innsida slik me neppe ville fått sett det om me skulle reist med eit vanleg reiseselskap. Det var ei stor og annleis oppleving for oss alle – svært ulikt det dagleglivet me er vant til.

Omfattande referat frå turen til Litauen kan du lesa her:
<https://turgutane.org/Referat TUR til Litauen - ekip.pdf>



På steingrunn:

Det hjelp ikkje å henga med leppa når du er teken ved nasen.

Nokre glimt frå turen til Færøyane



Gutta på tur.....

til Færøyane 8. til 11. juni 2015

- Måndag 8. juni kl. 06:30:** Avreise Rubbestadneset med snøggbåt
- - 11:15: Avreise Flesland med Atlantic Airways fly 431
- - 11:35: Ankomst Vágur, Færøyane
- - 13:00: Ankomst Hotel Hafnia, Tórshavn

Aktivitetar på Færøyane, rekkjefylgja tilpassa vær:

Byvandring i Tórshavn

Besøk i Nordens Hus

Busstur til Kyrkjebo

Båttur til fuglefjeld (pris 250,-)

Busstur til Gjógv og Klaksvík med besøk i Christianskyrkja

Onsdag 10. juni kl. 19:00: Festmiddag med kulturelt innslag

Torsdag 11. juni kl. 17:15: Avreise Vágur med Atlantic Airways fly 432

- - 19:35: Ankomst Flesland
- - 20:35: Avreise Flesland kai med snøggbåt
- - 21:50: Ankomst Rubbestadneset

Pris per person i dobbeltrom: NOK 6.500,- I enkeltrom NOK 7.400

Inkludert i prisen: Transfer Rubbestadneset - Flesland t/rt
Flybillet Flesland - Vágur t/rt
Overnatting med frukost på Hotel Hafnia i Tórshavn
All busstransport på Færøyane
Festmiddag med kulturelt innslag
Reiseleiar frá Rubbestadneset t/rt

Ikkje inkludert: Inngangsbiletar og andre måltider

Reiseleiar:

Info om Færøyane



*På steingrunn:
Ei glatt tunge er ikkje noko å slå i bordet med.*

Fleire av turgutane har vore på Færøyane før, men for andre har det vore ein livslang draum. - Og ein draumetur blei det! Vandring i vakre Torshavn med torget der du kunne kjøpa skikkeleg kvalkjøt, den travle hamna med båtar i alle storleikar



og gamlebyen med sine smale smug og dei gamle trehusa med torvtak. Tinganes var noko for seg sjølv. Det er nok ikkje mange hovudstader der du kjem så tett innpå statsministeren sitt kontor – og ikkje ein politimann eller securitasvakt å sjå. Herleg at det finst slike plassar! Herleg var det òg å sjå at gamlebyen ikkje berre var eit museum, men at det var eit levande samfunn der det budde folk i dei velstelte, små svarte trehusa.



Jörgin Gunnarsson var lokalkjend guide og reiseleiar og viste oss rundt i barndomsparadiset sitt.

Busstur på svingete vegar og smale tunnelar til Kyrkjebø, Klaksvik og Gjøgvi med besøk i den fine Christianskirkjan.

Veret var ikkje det beste – det regna mest heile tida me var der, men det er vel om lag slik det plar vera på Færøyane. Einaste dagen med godvær var den dagen me var på båttur til fuglefjella på Vestmanna.



På steingrunn:

Folk blir så oppskjorta når dei blir tekne med buksene nede.

Sauer er det over alt på Færøyane, og det blir sagt at terrenget er så bratt at føtene på sauene er lengre på eine sida enn på den andre.

Me må òg nemna dei mange små restaurantane i Torshavn. God mat og spanande rettar av fisk, kval og sau. Eit av dei mest omfattande og beste måltida eg har opplevd fekk eg servert på eit lite trongt loft i eit av dei gamle trehusa. Men om lokala var små og tronge, var maten god og rikeleg! Jentene klappa begeistra i hendene då dei fekk servert fiskesuppe i gamle tekanner av porselen!



*På steingrunn:
Det hjelp ikkje med vind i segla når alle slost om roret.*

Pandemi

Dei fleste åra har me gått omlag 40 turar. Stort sett har me fylgt skuleruta slik at jul, påske og sommar har vore fri. Men åra 2020 og 2021 blei annleis, for oss som for alle andre, då pandemien kom. Svært mange turar er blitt avlyste av smittevernomsyn. Kameratane frå Stord har me berre møtt ein gong i perioden. Ja, til og med julegrauten på Fet måtte me avlysa! Men turgutane gjev ikkje opp! Mange har gått turar på eiga hand eller saman med eit par andre turkameratar. Styret har handsama pandemien på ein framifrå måte og for å halda kontinuitet i laget har dei sagt at dei som har gått eigen tur i vekene når fellestur har måtta avlystast, kan få registrert dette som frammøte.

Heidersmerke

Gutane møter trugne opp, nokre meir trufaste enn andre. Flest turar av alle har Harald Sortland, som ved inngangen til jubileumsåret var registrert med 510 turar. Hakk i hel ligg Per Innvær, Ole Mikal Nordtun og Finn Nordtun som også har passert 500 turar.



Slik iver fortener sjølvstekt ei påskjønning, og det blir delt ut heidersmerke og diplomar ved ulike milepælar. Diplom ved 100 og 200 turar, plakett ved 250 turar, krus ved 300 turar, caps ved 350 turar, statuett ved 400 turar og stor pokal ved 500 turar.

Tryggleik på turane

Med ei godt vaksen aldersgruppe er det viktig at alle skal kjenna seg trygge på turane. Kvar tur har ein turleiari som har ansvar for alt kring turen. Turleiaren går alltid fremst i fylgjet og passar på at ingen ”stikk av garde”. Sist i flokken har me ein ”ankermann” som passar på at alle er med og at ingen blir hengande etter.



På steingrunn:

Møter du nokon utan smil, så gjev ditt.

Me har også alltid med samanleggbar båre, førstehjelpsutstyr og hjartestartar. Me har jamnleg arrangert kurs i hjarte/lungeredning og bruk av hjartestartar. Dei fleste medlemmene har no gjennomført dette kurset.



Andre aktivitetar

I mange år hadde me julabord der me hadde damene med oss, åt godt, tok ein svingom og rødde og hygga oss. Gode underhaldningskrefter har me i gjengen, slik at underhaldande kåseri og stubbar blei ein del av det heile. Første åra var julabordet i grendatunet i Erevik, seinare har me vore både i Bestastovo på Moster og ”Opplev Bømlo” ved Kulleseidkanalen. Det ligg mykje arbeid bak slike tilstelningar og nokre deltok også på julabord i andre samanhengar slik at dei tykte det kunne bli i meste laget.



Tradisjonen har difor blitt lagt “på vent” nokre år, men kan takast opp igjen – gjerne i ei anna og litt mindre arbeidskrevjande form. Dei siste åra har me innført ein ny tradisjon med julagraut ved gapahuken på Fet. Me har hatt damene med og hatt ei trivelg stund der inne med graut og song. Tradisjon har det også vore at barn frå Maurtua barnehage har kome og sunge for oss. Første året kokte Johannes og kona Bjørg grauten heime på kjøkenet, men tradisjonen blei så populær, og deltakinga så stor, at det blei klart at det var uråd å stella til maten på eit privat kjøkken!

Ein videosnutt frå julagrauten på Fet kan du finna på heimesidene våre.

På steingrunn:

Når eg tenkjer etter burde eg tenkt før.



Julegraut på Fet.

Hobbyklubben, som held til i meieriet i Urangsvågen, inviterte oss til ei triveleg samkoma. Ole Mikal kvitterte for invitasjonen med å syna korleis dei batt inn garnkuler i tidlegare tider.




Ein klasse med innvandrarborn på Svortland skule inviterte oss på mat og fantastisk underhaldning



På steingrunn:

Det er ikkje morosamt å ta medisn, men det er god medisn å ha det morosamt.

Eit par av gutane har også invitert på kalas i samband med at dei har runda år. Dette har også vore trivelege stunder. Og så må me ikkje gløyma krabbefestane! Gjennom alle år har Ole Mikal kvar haust invitert til krabbagilde i nauset på Tuvesundholmen. Det skulle vore interessant å vita kor mange krabbar som er blitt sette til livs opp gjennom åra!



Krabbagilde på Tuvesundholmen

Ved 50-årsjubilèet for Bømlo kommune fekk ein del utvalde lag og organisasjonar høve til å presentera seg sjølv og helsa til jubilenten. Dåverande formann, Dagfinn, helsa frå Gutta på tur med dette inlegget:

<https://turgutane.org/helsing-til-50-rsjubileet.html>

Dugnad

”Merking og tilrettelegging av turstiar høyrer også med til aktivitetane”

Det har heile tida vore eit mål for turgutane at me ikkje berre skal komma oss ut sjølve, men også legga til rette for at andre kan komma seg ut. Difor har me rydda og



vedlikehalde fleire turløyper ulike stader på Bømlo. Medlemmane er delte opp i dugnadsgjengar som har ansvar for kvar si

På steingrunn:

Og ikkje putt erter i nasen medan eg er borte,sa mor vår og gjekk.

Det hadde me ikkje tenkt på før, så det prøvde me.

turløype. Til saman er det sju ulike løyper (om lag 3,5 mil) me reknar som "våre" og som me har lagt ned mykje arbeid i. Det kjem stadig spørsmål om me kan ta på oss vedlikehald av andre løyper, men me ser at me har nok arbeid med dei me har, så me har måtta seia nei til til fleire.

Det har vore grøfta, planert og klypt i tillegg til at me har laga gjerdeklyvarar, bruer og klopper over dei våtaste stadane. Dessutan har me sett ut ei heil mengd med bord og kvilebenker langs løypene våre.



Sponsorar

Alle borda, benkene og materialar til bruer, klopper o. l. kostar mykje pengar og laget har ikkje hatt nok midlar til å løysa dette aleine. Heldigvis finst det firma som har sett nytteverdien av arbeidet vårt og støtta oss med pengar. Særleg har Sparebanken Vest og Finnås kraftlag vore trugne bidragsytarar. Elles har me motteke midlar frå Gjensidigestiftinga, Statskog, Wärtsilä og Hordaland Fylkeskommune. Det vermdet ekstra godt då Finnås Grunneigarlag overrekte oss ein sjekk for å syna at dei sette pris på det arbeidet me hadde lagt ned i området deira!



På steingrunn:

Alle er kloke. Nokre før og nokre etterpå.

Litt om løypene “våre”:

Sølvrusto



Dette er ei rundløype som går rundt Holmedalsvatnet. Løypa startar frå Siggjarvåg og går via Kabbrettedalen – Nyastemmo – Sølvrusto – Sølvrusteklubben – Laksakaret – Kyrkjeteigen og tilbake til Siggjarvåg. Løypa er lett og går stort sett i skogsterreng. Einaste skikkelege stigninga er opp til Sølvrusteklubben (og ein liten klatretur opp frå Finnåsvatnet). Deler av løypa kan vera litt

våtlennt i regnversperiodar – så det kan vera aktuelt med gummistøvlar. Løypa er ca. 4,5 km og rundturen tek om lag 1 ½ time i roleg tempo, men ta deg tid til ein skikkeleg rastepause på Sølvrusteklubben!

Den gamle brua over Laksakaret blei i stuttaste laget når det var mykje vatn, så her måtte det ny bru til!



Brømsund

Kanskje den mest ”spektakulære” av løypene våre. Her går me ut mot den ytste skjergarden og storhavet. Her skiftar det fort. Smilande, vakker og venleg idyll den eine dagen og eit frådande inferno den neste. Men alltid like fascinerande.



På steingrunn:

Det var flaks, sa mannen, kua skeit på gjødselhaugen.

Brømsund har òg ei dramatisk historie å fortelja:

Utdrag frå "Skipsforliset i Brømsund, 1928":

Fartøyet sitt navn "MARTHA" bygd på Lista i år 1908. Opprinneleg sua seglskøyte av tre, seinare motorskøyte. Ombygd fleire gonger, fleire eigarar. Lengde: 40 fot, breidde: 14 fot, dybde: 6 fot. Wichmann 12 hk. Årskifte 1927/1928 kjøpte Erik Korsnes skøyta som deretter fekk ein kort, men dramatisk skjebne. På Kruneneset på Goddo var 4 år gamle Sverre Laurits blitt alvorleg sjuk. Far til barnet var på vintersildfiske, og det var mora Bertha Severine Kvarven som fekk Erik Korsnes til å føra dei til lege på Finnås. Bestefar til barnet Sæbjørn Krunenes og Årstein Hillesøy var og med på turen. På veg inn Brømsundet gjekk dei tomme for solar. Årstein hoppa i ein robåt å prøvde å få skøyta i sikkerhet. Men brakk eine åra. Skøyta rak mot eit skjer og var i ferd med og bli knust då Sæbjørn og Bertha blei skylt på sjøen. Med eit tau frå land skulle Årstein hala dei to siste om bord gjennom sjøen då mastra brakk, og Erik og Sverre Laurits fekk den over seg og forsvann i sjøen. Lika av Sverre, Bertha vart funne. Av dei 5 om bord var det berre Årstein som overlevde dette forliset, som er eit av dei mest tragiske i Bremnes si historie. Motoren vart tatt opp og solgt til Kristian Steinsbø Trelasthandel, og brukt som driftsmotor i Urangsvåg i mange år.

Frå: Skipsforlis, frå Bømmalahuk til Holmengrå, E. Bakkevik.



På steingrunn:

Fødselsdagar er bra. Statistikken syner at dei som har flest lever lengst.

- 16 -

John's track (Baståsen)

Løypa er ei ringløype som går frå parkeringsplassen i Foldrøydalen, opp til Baståsen, nesten til Sætre og tilbake til Foldrøy og følgjer hovudvegen tilbake til Foldrøydalen. Du kan òg ta ein avtikkar til Steinsåsen, som var naboplassen til Baståsen.



Løypa går delvis langs gamle gongstiar, men òg langs nyare traktorvegar. Du kan starta frå saga i Mækjebakken, ved Ekornsætre, Sætre, Foldrøy eller Oldereid.

Ein veit ikkje sikkert når Baståsen blei rydda, men truleg har det alt i mellomalderen vore ein gard her som seinare er blitt lagt øyde. På 1800-talet var det ein husmannsplass under garden Sætre, men frå 1868 blei det fråskild som eige bruk. Baståsen blei fråflytta som buplass rundt 1915. På det meste fødde bruket 1 hest, 5 kyr, 15 sauer og ein gris. Namnet Baståsen tyder på at det har vakse lind på denne staden. Det var nemleg fibrane av lindetreet som blei nytta til å fletta bastetog av.

Baståsen blei tidlegare mykje nytta som stemnestad både av indremisjonen og fråhaldslag - og det har jamvel vore spela friluftsteater der. Sist på 40- og først på 50-talet var Baståsen ein fast møtestad for ungdommane i sommarhalvåret. Her blei det både sparka løkkefotball og drive med friidrett. Som mange andre slike idyllar er det blitt øydelagt og totalt forandra av granplanting.

På toppen av åsen har Gutta på tur laga til ein rasteplass som blir mykje nytta av folk i området. Husk å skriva deg inn i turboka!



På steingrunn:

Det er lett å falla i tankar når du snublar i orda.

Våge – Hellvik

Løypa startar ved Våge Skule, og følgjer hovudvegen mot Langevåg eit stykke. Du tek av frå vegen nedst i Liabrekka, ved skilt til Helvik. Turen er merka heile vegen og turen startar på traktorveg men går snart over til sti. Turen byr både på våte område og litt fjellklatring av det lette slaget. Du ser Hiskjo og Løklingholmane når stien tek deg ned til Helvika.

Dette er ei gammal ferdselsåre mellom Helvik og Vågegardane. Fleire gardar på Våge hadde båt liggande i Helvik og rodde over til Hiskjo til handelsmannen. Før det kom kyrkje på Lykling var dette også kyrkjevegen for folk i området. Den gamle stien var svært tilgrodd og mest uframkommeleg då Våge skule sette i gang eit prosjekt med å få rydda han igjen i 1993. Elevar og lærarar la ned eit stort arbeid med klypping av lyng og buskar, drenering og skilting langs stien. Sidan har løypa vore mykje brukt av bygdefolket.

Det er mykje arbeid å halda ei slik turløype ved like og med dei endringane som har komme i læreplanane i grunnskulen, var det ikkje lenger råd for skulen å finna rom for praktiske gjeremål av denne typen. Gutta på tur har no overteke vedlikehaldet av denne fine turløypa.

Turløyper på Våge

1 Våge - Hellvik
Lengde: 3,6 km.
Gjeldt råd: 1 potetlar med mykje sukker har deler av løypen over glatt og våt. Merk dette før du løyp.

2 Rundløype Våge - Hovda
Lengde: 1,8 km.
Følg Vørnesvegen fram til skilt mot Hovda, og stien opp til toppen. Retur same vegen, eller følg skilta mot Våge (Total lengde 3,8 km)

3 Rundløype Våge - Bjørnevikstolen
Lengde: 2,3 km.
Følg vegen mot monocrossbanen fram til skilt mot Bjørnevikstolen og vidare rundt løypa.

1 Våge - Hellvik
2 Rundløype Våge - Hovda
3 Rundløype Våge - Bjørnevikstolen

Allmennerechten

- Vis omsyn til utmarksforholdene
- Vis omsyn for andre brukarar av utmarka
- Utses ikkje dyr og fuglar
- Alt vill er freda med unntak av lovlig jakt
- Det er bandtvang frå 1. april og så lenge husdyra bellar
- Motorferdsel er forbode utan særleg løype
- Fri ferdsel skal ikkje vera til skade eller utempe for andre, eller for plante- og dyreliv
- Vis omsyn til naturen
- Det er forbode å kasta søppel i naturen

Public access to the countryside


- Show consideration for wilderness industries
- Show consideration for other users of uncultivated land
- Do not disturb animals and birds
- All wildlife is protected with the exception of legal hunting
- Dogs must be kept on a leash from 1 April and as long as farm animals are grazing
- Motor traffic is not permitted without special permission
- The right of free access and passage must not cause any damage or inconvenience to other users, the environment or wildlife
- Show consideration for nature
- Littering in nature is not permitted

Gutta på tur
Brenno Turlag

Som det går fram av infotavla ved Våge skule, vedlikeheld me også fleire andre løyper i Vågeområdet.

Urangsvåg

Turløypa er ei rundløype som går inn til Dyrvatnet og Sandvikvatnet. Ein kan sjølv velja kva veg ein vil gå. Går ein mot høgre er det 1,8 km til rasteplassen -Dyrvassrasto- ved Dyrvatnet der det er ein fin rasteplass med bord og benker. Går ein mot venstre kjem ein etter 0,3 km til eit kryss der ein



kan velja kva veg ein vil gå rundt Sandvikvatnet. Går ein vidare mot venstre kjem ein etter 0,7 km til krysset der stien mot Urangsætre tek av. Frå dette krysset er det 0,2 km til krysset der ein kan ta av og gå rundt Sandvikvatnet. Frå dette krysset er det 1,7 km til Dyrvassrasto. Turløypa går gjennom utmarksområde som delvis har vore beiteområde og dels gamle plantefelt. Her er vegetasjon med lyng og brake, men og gamal planteskog på ein del av løypa. Vatna er fiskerike, men for det meste små fisk. Dyrvatnet har utløp mot nord til Syljevatnet og vidare til Selsfjorden. Sandvikvatnet har utløp mot vest til Urangsvågen. På austsida av Sandvikvatnet går turstien frammed ein gamal badeplass, denne er mykje nytta av folk i området. Her er god djupne i vatnet og fine svaberg på land.



På steingrunn:


Dei finn då på alt slag nytt, sa guten, han skulle læra å lesa.

Svortlandsløypene



I dette området har Gutta på tur fleire turløyper. Ein del endringar blei det då lysløypa til Fet blei laga, men våre løyper utover i marka er som tidlegare. Me har turløyper både til Grimsfjellet, Vardafjellet og Mælandsåto. Deler av løypene går på godt opparbeidd traktorveg. Dette er eit mykje nytta turområde for folk som bur i Svortlandsområdet og i området Mæland/ Gilje.

Oppe på Mælandsåto har ein fantastisk utsikt frå "Karlsbu". Ta på støvlar dersom det har regna. 7.3 km. Løypa er oppgradert til fleire alternative rundløyper og har tilsutningspunkt frå fleire stader. Eit svært mykje brukt turområde.



Grimsfjellet er den mest populære toppen å bestiga fra Svortlands-sida, 146 moh. Det er lagt ut eiga hyttebok på toppen, og ein kan også ta seg over til nabotoppene, Vardafjell, Undergjota, Ljosundfjellet og Store Mælandsåto. Det er mulig å gå til Grimsfjellet frå både Svortland skule og Mæland. Det er verdt å merka seg at sjølve toppen av Grimsfjellet ligg litt lenger sør-aust for utsiktspunktet og skiltinga. Ta på støvlar dersom det har regna. Løypa er godt merka og

vedlikehalden.

På steingrunn:

Lånehaiar likar folk som tek alt for god fisk.



Vardafjellet ligg heilt aust av toppane, og er den høgaste av dei alle, 164 moh. Ta på støvlar dersom det har regna.

Undergjota er "litlebroren" til Vardafjellet, 128 moh. Her får ein både skogstur og fjelltur i eit.

Store Mælandsåto kan skilta med ein flott gapahuk kalla "Karlsbu". Her er det laga traktorveg fra Mæland heilt til tops. Toppen kan lett sjåast med mobilantenna på toppen og god utsikt til alle kantar. Det er lagt ut hyttebok i "Karlsbu". Her er det utruleg flott utsikt både i finvør og når det stormar som verst. Ta på støvlar dersom det har regna. Løypa er godt merka og vedlikehalden.



*På steingrunn:
Før var alt som i gamle dagar.*

Mælandsmarka



Rundløypa startar og endar ved Svortland Skule, og går i lett tereng inn til Fet, og inn i Mælandsmarkjo. På vegen er det mulig å setja seg ned ved mange bord som er sett ut av Gutta på tur. Ta på støvlar dersom det har regna. Løypa er godt merka og vedlikehalden.



Styre og stell

Dei ”gamle” vedtektene hadde slik ordlyd om samansetjing av - og oppgåver for styret:

Årsmøtet vel eit styre på 4 medlemmer for 2 år. Halvdelen av styret vert skifta ut kvart årsmøte. Styret konstituerer seg sjølv og skal ha følgjande samansetjing: Leiar, nestleiar, sekretær og kasserar. Styret skal samordna turopplegg haust/vår etter eventuelt framlegg frå medlemmene, føra oversikt over deltaking, syta for biletstoff frå turane, utdeling av heidersmerke og gjera framlegg om disponering av medlemspengar og gåver. Styret har fullmakt til å disponera lagsmidlane i årsmøteperioden

Etter som medlemstalet har auka og oppgåvene for styret har blitt fleire, blei det etter kvart naudsynt å utvida styret. Frå 2015 har difor styret hatt fem medlemmer.

I vedtektene vedtekne på årsmøtet i 2021 står det:

Årsmøte skal velgje eit styre på 5 medlemmer for 2 år - 3 styremedlemmer det eine året og 2 det andre. I tillegg skal det velgjast eit varamedlem kvart år. Varamedlem har møteplikt til styremøter men har berre

stemmerett når eit styremedlem ikkje møter. Han skal ha tilsendt innkalling til styremøte, sakliste og referat.

Årsmøtet vel laget sin leiar og styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, sekretær, kasserar og webredaktør. Styret skal også føre frammøteprotokoll for turane og syte for at bildemateriell frå turane kan leggjast ut på laget sine heimesider.

Styret har ansvar for felles dagstur, tur med overnatting og festkomer der ledsager kan være med. Styret har også ansvar for program og traktering under fellesmøter som Årsmøte og «Julegraut» i gapahuken på Fet o.l.

Om det er naudsynt kan styret opprette arbeidsgrupper for ulike prosjekt. For deltaking i styremøter og møter i turkomitèen vert frammøte premiært» med frammøtekryss.

Det er ikkje alltid like lett å finna kandidatar til ulike styreverv, men me har vore samde om at dette òg er ein dugnad, og stort sett har det no likevel lukkast å stabla på beina eit styre. For å gjera det lettare å skaffa folk har vedtektene no fått inn eit “agn” med at ein kan få “møtekryss” for deltaking i styremøte o. l.

Nokre har opp gjennom åra måtta bera tyngre lass enn andre, noko som viser igjen i listene nedanfor.

2001

Leiar: Bjarne Kristiansen

Styre: Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit

2002

Leiar: Bjarne Kristiansen

Styre: Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit

2003

Leiar: Bjarne Kristiansen

Styre: Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit

2004

Leiar: Harald Sortland

Styre: Bjarne Mæland, Bjarne Kristiansen, Finn Nordtun

2005

Leiar: Harald Sortland

Styre: Magne Hallaråker, John Gardner, Finn Nordtun

2006

Leiar: Harald Sortland

Styre: Magne Halleraker, John Gardner, Magne Hallaråker

2007

Leiar: Harald Sortland

Styre: Magne Halleraker, John Gardner, Magne Hallaråker

2008

Leiar: Ole Mikal Nordtun

Styre: John Gardner, Gunro Hystad, Magne Hallaråker

2009

Leiar: Ole Mikal Nordtun

Styre: Gunro Hystad, Halvor Mæland, Lars Staupe

2010

Leiar: Lars Ersland

Styre: Øyvind Glittenberg, Halvor Mæland, Lars Staupe

2011

Leiar: Lars Ersland

Styre: Øyvind Glittenberg, Arne Stokke, Harald Nordtun

2012

Leiar: Dagfinn Hellen

Styre: Arne Stokke/Halvor Mæland, Harald Nordtun, Lars Johan Fylkesnes (Arne Stokke døydde i løpet av året og Harald Mæland overtok plassen hans i styret)

2013

Leiar: Dagfinn Hellen

Styre: Sigurd Emil Sele, Lars Johan Fylkesnes, Einar Kippersund

2014

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Harald Økland, Einar Kippersund, Nils Bernhard Nesse

2015

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Harald Økland, Einar Kippersund, Nils Bernhard Nesse, Jan Westermoen

På steingrunn:

Å skumma fløyten er ein kremjobb.

2016

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Bjørn Rolfsnes, Einar Kippersund, Jan Westermoen, Jostein Hollund

2017

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Bjørn Rolfsnes, Sigurd Emil Sele, Jan Arvid Sønstabø, Kåre Meling

2018

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Bjørn Rolfsnes, Sigurd Emil Sele, Jan Arvid Sønstabø, Kåre Meling

2019

Leiar: Johannes M. Sortland

Styre: Bjørn Rolfsnes, Sigurd Emil Sele, Kåre Meling, Robert Halleraker

2020

Leiar: Robert Halleraker

Styre: Trygve Olsen, Sigurd Emil Sele, Kåre Meling, Jostein Hollund

2021

Leiar: Robert Halleraker

Styre: Trygve Olsen, Sigurd Emil Sele, Jostein Hollund, Jan André Stangervåg



Heimesider

Laget hadde etter kvart eit omfattande biletmateriale som blei liggande i eit arkiv der det var nokså utilgjengeleg for medlemmene. Det var også trong for

ein effektiv måte å nå ut til medlemmene på. På årsmøtet i 2014 blei det difor vedteke å oppretta egne heimesider på internett der ein kunne nå ut til medlemmene med informasjon og gjera biletmateriale tilgjengeleg for eit breiare publikum.

Einar Kippersund tok på seg oppgåva med å laga heimesidene. Me fekk kjøpt domenenamnet www.turgutane.org og dermed var me i gang. Heimesidene var litt ”spinkle” i starten, men vaks raskt i omfang og popularitet. Hovudføremålet med sidene er sjølvstøtt å gje medlemmene informasjon og tilgang til biletstoff og lagsarkiv, men det syner seg at sidene er blitt populære langt utanfor våre rekker, særleg har biletstoffet vore i vinden. Sidan heimesidene blei oppretta, har det kvart år vore

The screenshot shows the homepage of 'Gutta på tur Bremnes'. At the top, there is a navigation bar with links for 'FRAMSIDE', 'TURPROGRAM OG KART', 'KLUBBSAKER', 'DIVERSE', and 'BILETE'. Below the navigation bar is a large photo of a group of people sitting at a table during a dinner. To the right of the photo is a 'Velkommen til heimesidene våre!' section with a welcome message and contact information. Below the photo is a 'Vårvaro for Svordland' section with weather forecasts for three days. To the right of the weather section is a 'Neste tur' section with details about an upcoming trip. Below the weather section is a 'På Steingrunn:' section with a green background and a quote. To the right of the 'På Steingrunn:' section is a 'Godt nyttår!' section with a Christmas greeting. At the bottom of the screenshot, there is a 'Nye rastebord og kvilebenkar' section with a photo of people sitting on a bench, and a 'Sponsorar' section with logos for 'Gjensidige' and 'Finnås Kraftlag'.

mellom 23000 og 32000 gjester på sidene våre. Dei fleste sjølvstøtt frå Noreg, men også ei rad andre land er representerte på statistikken.

Einar K. hadde redaktøransvaret for heimesidene dei første åra, seinare tok Kåre Meling over. Stafettpinnen er no gått vidare til Trygve Olsen.

På årsmøtet i 2020 tok revisor Bjarne Stavland opp problemstillingar kring personvern og eigedomsrett til biletmateriale. Opplysningar om medlemmene låg ope tilgjengeleg, noko som ikkje var ønskeleg. Det blei difor vedteke å beskytta deler av heimesidene med passord slik at berre medlemmene har tilgang til til ”ømfintleg” materiale. Dette er gjennomført frå årsskiftet 2021.

Logoen vår

Logoen vår fortener litt ekstra omtale, for den er me stolte av! Den er teikna av Anita Våmartveit og gjeven vederlagsfritt til laget. Den er opphavelig ei stilisert utgåve av eit bilete, og dei tre turgutane me ser er grunnleggarane våre: Einar Kåre, Åsmund og Bjarne. Større heider kan ein vel ikkje få enn å hamna i logoen til Gutta på tur!

Ein dansk grafikar som såg logoen ville absolutt kjøpa rettane til han, men han var ikkje til sals!



Logoen finst også på t-skjorter som me kan briefa med i ymse samanhengar. Her er ein gjeng som går torsdagsturen sin på Kypros. Skjortene vakte oppsikt i frukostsalen på hotellet og Magne forklarte at me var "some mountainwalkers from Norway". Me blei behandla med respekt etter det.

Framtida for laget

Det er vanskeleg å spå – særleg om framtida, blir det sagt. Ingen hadde vel trudd at det dei få kameratane starta i 2001 skulle veksa til å bli den livskraftige gjengen me ser i dag.

Sjølv om nokre må legga turskoene på hylla etter kvart, kjem det stadig nye og yngre medlemmer til som erstattar dei som fell ifrå. Det er fleire med på turane en nokon gong og dugnadsarbeidet går med liv og lyst! Noko av grunnen til at laget framleis er så livskraftig ligg nok i den faste organisasjonsforma me har. Og sjølv sagt det gode miljøet der me tek vare på dei gamle og inkluderer dei nye!

For turgutane er det lett å sjå framtida lyst møte. Endå har me mange fine turar framfor oss.

På steingrunn:

Skal du bita tennene saman nyttar det ikkje å legga fingrane i mellom.

- 27 -



*På steingrunn:
Dagane kjem ein og ein, ikkje i buntar.*

«GUTTA PÅ TUR»'S VALS

Mel.: - Ka e' det mot Bergen -

Kvar ein torsdag opp med «Hallen» klokka ni,
Det er «Gutta» som skal ut og gå på tur.
:/: Fotball, ski og skøyter, tennis og alpint,
kva er det mot «Gutta's» tur i skog og mark :/:

Turen går i dag til «Gammo» i mot aust,
Sekken den er pakka, snop litt klede og mat.
:/: Praten den går livleg – livet det er topp
Foler oss så friske når me kjem der opp :/:

Når me går mot toppen kjennest det nok tungt,
Når me vel er oppe foler me oss ung.
:/: For der nede ser me: - holmar, skjær og hav,
Ja, det er så vakkert, naturen han oss gav :/:

Når me pratar pensjon, politikk og slikt,
Blir litt ivrig, er 'kje saklig – det er visst.
:/: Clinton, Blair, Kjell Magne – kva er det mot oss,
Ingen veit vel betre enn «GUTTA» ut på tur :/:

Er blitt betre kjente på vår vakre øy,
I frå skog og fjell til havet langt mot vest.
:/: Bølgjene dei rullar – slår innover land,
Havet er eit skue, skummar kvitt mot strand :/:

Tenk at tie år kan gå så veldig fort,
Pusten, husken er 'kje slik den ein gong var.
:/: Men «skravla» går på høygear, den er nett som før,
«skravla» går på høygear, det er nett som før :/:

Om ei veke – torsdag – er me atter klar,
Pakkar sekken – ja, då er me jammen snar.
:/: Går ei nye løype, søle – mykje skit,
Me i «GUTTA» bryr oss ei om noko slikt :/:

*I halvmørket går eg innover
I halvmørket går eg innover
mot Kolbeinvaren. Over myrar
og lyngrabbar, bleikt gras
mold og svaberg.
Så lenge folk har vore her
har dei gått denne vegen.
Eg finn vekslande rytme
med små plutselige sprang.
Likar å bruke kroppen på den måten
Kjem nærare mitt eige lynne.*

*Ingenting er forandra
Ingen har funne det verdt
å sprengje sundt og slette ut.*

*Dei store kremmarane
fann ikkje noko av verdi her
Eg takkar dei.*

*Her gjekk småbønder
like nøysomme som smalen
Her gjekk kvinner for å sjå
etter båtane, ein uversdag*

*No heng skya mørk over øya
Men gylle lys slepp inn under kanten
Tett innved varen høyrer eg
den buldrande songen
om stein og vind.*

Rolf Sagen

Heftet er utgjeve med støtte frå
Fylkesnes Fisk AS og LOS Elektro AS